



Fylkesmannen i Hordaland  
Kommunal- og samfunnsplanavd.  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/664 - 17/5968

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
24.03.2017

## Høyring - søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona, opparbeiding av parkeringsplass på Frekhaug, gbnr 23/4.

### Saka gjeld :

Det vert vist til søknad frå tiltakshavar Meland kommune v/ansvarleg søkjar Norconsult AS, VA-seksjonen, om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona , jf plan- og bygningslova §§ 1-8 og 19- 2 , for opparbeiding av parkeringsplass på Frekhaug, gbnr 23/4.

### Planstatus:

Omsøkt plassering av tiltak er i reguleringsplan for Frekhaug aust – planid 125619930624 – regulert til trafikk/friområde.

### Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå Norconsult AS søkt om dispensasjon for opparbeiding av parkeringsplass, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

### Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF-sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast l øyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

### Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1- 1 i plan- o g bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

### Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

---

#### **Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### **Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast. Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon GBNR 23/4

Kart

Kart

Søknad om tillatelse til tiltak\_følgebrev

23-4 1\_1000

23\_4 1\_3000

**Kopi til:**

Harry Finseth			
Norconsult AS VA-seksjonen	Postboks 1199	5811	BERGEN
Ordfører Øyvind H. Oddekalv			

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland	Kommunal- og samfunnsplanavd.	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune	Regionalavd.	5020	BERGEN